



Bergen Havn AS
Postboks 6040
5892 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4345 - 21/78122

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
19.11.2021

Oversender søknad om etablering av sjøkabel i Hindenesfjorden til utfale

Tiltak: utlegging av sjøkabel i Hindenesfjorden
Byggjestad: Hindenesfjorden frå Jordal til
Veldandsneset
Tiltakshavar: Telenor Norge AS
Ansvarleg søkjar: Seaworks Kabel AS

For å betra tryggleiken av telenettet skal Telenor Norge AS forsterka fibernettet i Alver kommune. Som ledd i utbygginga vert det søkt om å etablera sjøkabel i Hindenesfjorden. Sjøkabelen vil verta ført i land på Myking og Veldandsneset. Sjøkabelen har ein ytre diameter på 21 mm, og skal sikrast ved at det vert spylt ei grøft med breidde 5-10 cm og djupn 8-10 meter som kabelen vert lagt ned i.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område som er omfatta av kommunedelplanen for Lindås sin arealdel. Ilandføringspunkta ligg i område avsett til LNF-føremål. Området i sjø er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Tiltaket vil vera i strid med arealføremålet LNF og plan- og bygningslova § 1-8 ved ilandføringspunkta. Det er søkt om dispensasjon. Vår førebelse vurdering er at vi er positiv til å gje dispensasjon.

Det vert vurdert at tiltaket er i samsvar med arealføremålet i sjø. Det går fram av føresegn 3.5.1 siste ledd at *Hovudføremål og underføremål er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum og telenett, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.*

Uttale

Saka vert oversend Bergen Hamn for vurdering etter hamnelova.

Søkjar har henta inn uttale frå Statsforvaltaren i Vestland, Fiskeridirektoratet avd. Vest, Vestland fylkeskommune og Stiftelsen Bergen sjøfartsmuseum. Uttalane ligg vedlagt.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Vi set pris på om saka kan verta prioritert då det hastar med å får avklart søknaden.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - Kommuneplanens arealdel LNF og forbud mot tiltak i strandsonen
llandføring Jordal

llandføring Velandsnes

Sjøkabeltrase Hindenesfjorden, Alver kommune

Søknad om utlegg av sjøkabel i Hindenesfjorden Alver kommune

Tiltak i sjø krever ikke tillatelse - Utlegging sjøkabel - Hindenesfjorden - Seaworks Kabel AS - 916358091 -
Alver

Uttalelse - Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om utlegg av sjøkabel i Hindenesfjorden - Alver
kommune

202120042-2 - Ber om uttale - Sjøkabel i Hindenesfjorden - Alver kommune

Søknad om utlegg av sjøkabel i Hindenesfjorden, Alver kommune

Kopi til:

Seaworks Kabel AS	Postboks 3196	9498	HARSTAD
-------------------	---------------	------	---------

Mottakarar:

Bergen Havn AS	Postboks 6040	5892	BERGEN
----------------	---------------	------	--------